

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 12.01.2022  
**Vår ref.:** 202119880-2  
**Dykkar ref.:** 21/9042 - 21/85042

## **NVE sitt innspel - Høyring - Etablering av kommunal ringledning - To ledningar i sjø B2 gnr. 131 bnr. 77 - Alver kommune, Vestland**

Vi viser til varsel om oppstart datert 15.12.2021.

NVE vil minne om at forholdet til sikker byggegrunn og skredfare for tiltaket må vere avklart og naudsynt tryggleik dokumentert i høve plan- og bygningslova § 28-1 og Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 før realisering av tiltaket. Det gjeld for dei delane av tiltaket som ligg på eller har tilknytning til land, inkludert tiltak i strandsona og eventuell utfylling i sjø.

Til hjelp i arbeidet kan de nytte NVE sine rettleiarar «[Sikkerhet mot skred i bratt terreng](#)» og «[Sikkerhet mot kvikkleireskred](#)». Den siste har eit kapittel om aktsemd i strandsona (s. 18).

Etter kva vi kan sjå viser NVE sine aktsemdkart for skred mogleg skredfare i to av ledninganes tilknytingspunkt mot land.

Vi har ingen ytterlegare innspel eller merknader.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Peer Sommer-Erichson  
seniorrådgjevar

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**  
Alver kommune

